Seim Bygg As
Nesbrekka 28
5912 SEIM

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Christian H. Reinshol | 22.03.2017 |
| Vår: 14/1809 - 17/9271 | Christian.Reinshol@lindas.kommune.no | |

# Høyring av søknad om mindre endring av reguleringsplan Mangerbua II

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14, vert framlegg til mindre endring av reguleringsplan for Mangerbua II, plan-ID 1263-200817, sendt på høyring.

proESS AS har på vegne av tiltakshavarar Seim Bygg AS og Majo Eigedom AS, søkt om endring av føresegn 10.1 knytt til ferdigstilling av leikeareal f_L3 i reguleringsplan for Mangerbua II. Ein ynskjer å trekke område B5 ut frå rekkefølgjekravet, slik at opparbeiding av leikearealet kun er knytt opp i mot område BB.

Bakgrunnen for søknaden er at tilleggspunktet om ferdigstilling av leikearealet no skapar problem knytt til ferdigstilling av bustader som det er gitt igangsettingsløyve for innanfor område B5. Første ferdigattest vert truleg søkt om seint på våren 2017 og det er ynskje om å få ferdigattest for desse og ikkje berre midlertidig bruksløyve. Om ikkje føresegna vert endra vil ein vere avhengig av dispensasjon frå rekkefølgjekravet for å få innflytting i bustadane.

Det er vidare gitt rammeløyve til oppføring av bustadblokk innanfor område BB, der ein er i gang med førehandssal av bustader og ein vil sette i gang arbeidet så snart som mogleg. Av tryggleiksmessige årsaker vurderer tiltakshavarane det som ufornuftig å etablere leikeareal så tett inntil eit framtidig byggeområde. Problemstillinga oppstår som følgje av at ein i B5 no vil ha behov for ferdigattest og at slik rekkefølgjekravet ligg no, må ein opparbeide leikeområdet før ferdigattest vert gitt. Ein vil sjølvsagt opparbeide leikearealet L3 i samband med at lågblokka i BB står ferdig.

Det vert elles vist til vedlagte søknad om mindre endring for opplysningar i saka.

Administrasjonen si førebelse vurdering av søknaden om mindre endring er at ein vil tilrå endringa i rekkefølgjekravet. Når det gjeld tilhøvet til ferdigattest til bustader innanfor B5, meiner administrasjonen i utgangspunktet at tiltakshavarane har hatt tilstrekkeleg med tid på seg til å opparbeide leikearealet L3 før bustadane står ferdig og skal søke om ferdigattest. Administrasjonen meiner likevel at å ha eit leikeareal tett på eit større byggeprosjekt som lavblokka som er planlagt innanfor BB i utgangspunktet ikkje er føremålstenleg. Sjølv om det vert lagt opp til god sikring av sjølve byggeplassen, vil det i tillegg vere mykje

transport til og frå byggeplassen, og ein vil truleg ha behov for rigg- og anleggsområde utover det området som er avsatt til bustad i reguleringsplanen. Administrasjonen meiner i utgangspunktet at omsynet til tryggleik må vega tyngre enn behovet for områdeleikeplass i dette tilfellet. Det er i tillegg sikra opparbeidd nærleikeplass knytt til B5 som vil dekke behova for dette området. Administrasjonen vil også peike på at leikeområdet L3 kom inn i reguleringsplanen gjennom reguleringsendringa i 2015 og var då tiltenkt område BB som følgje av auka i bueiningar der.

**Framlegg til endring:**
Føresegn § 10.1 vert endra til: Før det kan verte gitt bruksløyve for bustader på innanfor område BB, skal f_L3 vere ferdig opparbeidd.

Framlegget til mindre endring av reguleringsplanen ligg ute til høyring frå 23.03.2017 til 06.04.2017. Plandokumenta vert å finne i kommunens digitale planarkiv på www.geoweb.no/braplan. Søk på plan-ID 1263-200817.

Me ber om at merknader til framlegget til reguleringsendring vert sendt innan **6. april 2017** til:
*Lindås kommune, Plan- og miljøutvalet, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø* eller som epost til *postmottak@lindas.kommune.no*.

Med helsing

Christian H. Reinshol
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Nedre Mangerbua - søknad mindre endring 14032017

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Anders Hersvik | Orresteinen 5 A | 5916 | ISDALSTØ |
| Andre Støldal Isaksen | Nedre Mangerbua 5 | 5911 | ALVERSUND |
| Anita Risa | Nedre Mangerbua 7 | 5911 | ALVERSUND |
| Camilla Aina Marøy Sætre | Nedre Mangerbua 8 | 5911 | ALVERSUND |
| Camilla Lothe Eltvik | Orresteinen 5 A | 5916 | ISDALSTØ |
| Catharina Bianca Smith Svanevik | Nedre Mangerbua 18 | 5911 | ALVERSUND |
| Elisabeth Nordal Bognøy | Kvassnesvegen 55 | 5914 | ISDALSTØ |
| Frode Eikeland | Nedre Mangerbua 14 | 5911 | ALVERSUND |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Geir Braseth | Hillandsvegen 3 | 5911 | ALVERSUND |
| Idar Birkeland | Nedre Mangerbua 3 | 5911 | ALVERSUND |
| Idar Hersvik | Nedre Mangerbua 20 | 5911 | ALVERSUND |
| Inger Lise Johansen | Nedre Mangerbua 2 | 5911 | ALVERSUND |
| Ivar Gausereide | Nedre Mangerbua 1 | 5911 | ALVERSUND |
| Jan Vidar Nygård | Nedre Mangerbua 16 | 5911 | ALVERSUND |
| Kenneth Ludvigsen | Nedre Mangerbua 18 | 5911 | ALVERSUND |
| Kjetil Fjellanger | Nedre Mangerbua 7 | 5911 | ALVERSUND |
| Klaus Magnus Wergeland | Nedre Mangerbua 6 | 5911 | ALVERSUND |
| Leif Ketil Bognøy | Kvassnesvegen 55 | 5914 | ISDALSTØ |
| Linn Merete Rognø | Nedre Mangerbua 4 | 5911 | ALVERSUND |
| Lise Bjørg Frøysa | Petedalsheia 95 | 5254 | SANDSLI |
| Majo Eigedom As | Lindåsvegen 154 | 5916 | ISDALSTØ |
| Marianne Bjånesø Nesse | Nedre Mangerbua 10 | 5911 | ALVERSUND |
| May Britt Bjørsvik | Nedre Mangerbua 1 | 5911 | ALVERSUND |
| Mette Røberg Birkeland | Nedre Mangerbua 3 | 5911 | ALVERSUND |
| Monica Nævdal | Nedre Mangerbua 6 | 5911 | ALVERSUND |
| Nina Sætre | Nedre Mangerbua 20 | 5911 | ALVERSUND |
| Ole Kristoffer Tveiten | Nedre Mangerbua 2 | 5911 | ALVERSUND |
| Seim Bygg As | Nesbrekka 28 | 5912 | SEIM |
| Sten Are Refvik Edvardsen | Nedre Mangerbua 4 | 5911 | ALVERSUND |
| Stine Kartveit | Nedre Mangerbua 5 | 5911 | ALVERSUND |
| Terje Kleivdal | Øykjetona 8 | 5916 | ISDALSTØ |
| Therese Urdahl Braseth | Hillandsvegen 3 | 5911 | ALVERSUND |
| Torunn Haugsvær | Nedre Mangerbua 14 | 5911 | ALVERSUND |
| Turid Lygre Kleivdal | Øykjetona 8 | 5916 | ISDALSTØ |
| Vegar Marøy Sætre | Nedre Mangerbua 8 | 5911 | ALVERSUND |
| Vivian Midtbø | Nedre Mangerbua | 5911 | ALVERSUND |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 16 | | |
| Yngve Nilsen | Petedalsheia 95 | 5254 | SANDSLI |
| Åge Nilsen | Nedre Mangerbua 10 | 5911 | ALVERSUND |